

Nyheter →

# Opplever tidenes sommar

Joker Skartveit har aldri nokonsinne opplevd slikt eit trøkk som dei har gjort denne sommaren.



Kor mange badande klarer du å telje? Med 25 grader i sjøen, er det iallefall fleire enn vanleg. FOTO: ANITA TORP ØRNES



**Silje Talgø Klakegg**

Oppdatert: 1 dag sidan

Anita Torp Ørnes gler seg stort over både feriegjestar og fastbuande som nyttar butikken, restauranten og stranda i sommarvarmen.

– Det er kjekt økonomisk, men det gjer ekstra godt å få gode tilbakemeldingar frå familiar som har nytta fasilitetane våre, seier ho på telefon til Øyposten onsdag

formiddag medan ho tar seg ei velfortent pause frå jobbmaratonen som dei siste varme dagane har vore:

ARTIKKELEN HELD FRAM UNDER ANNONSEN



**Skal du rekruttere?**  
**Sommerkampanje!**

**Prøv vår unike stillingspakke og nå både de aktive og de passive jobbkandidatene!**

Du er sikret god profilering i områdene Nordhordland, Gulen, Askøy, Øygarden, Austevoll, Arna, Osterøy, Stord, Fitjar, Bømlo, Finnøy og Rennesøy.

**Velg mediehus**

Vestnytt Askøyværingen Mårsteinen Bømlo-mytt Bygdanytt.  
Strilen Oyposten Sunnhordland STORD<sup>24</sup> Randaberg<sup>24</sup>


– Me sel 350 måltid kvar dag, og det er kjekt å sjå små og store kose seg med eit godt måltid og ein tur på badestranda. Isdisken må fyllast på kvar dag, så også her har det gått enorme mengdar samanlikna med eit gjennomsnittår.



Mykje båt inne. FOTO: ANITA TORP ØRNES

Ho fortel at ho aldri har opplevd eit slikt trøkk over så lang tid, men så opplever me også sjeldan å ha så godt og varmt vêr over så mange dagar på rad.

– Me held til saman tjue ungdommar i arbeid i sommar, seier ho og legg til at ho er meir enn imponert over dei flinke tilsette som står på i varmen. Etter arbeidstid tar dei tilsette seg gjerne eit bad, kan ein sjå på tiktok-brukaren til Skartveit gjestehavn.



**skartveitgjes...**  
Skartveit gjesteha... [View profile](#)

**Related videos**

[Watch now](#)

**@skartveitgjestehavn**  
#bading #sol #sommer  
#skartveitgjestehavn #skartvei ...See more  
eredeti hang - amanda

– Det er bading frå tidleg på morgonene til seint på kvelden. Kundane nyttar også den fjernbetente butikken flittig, både før og etter betent opningstid, seier Anita:

## ANNONSE

SHOPPINGGUIDEN



### Slik kan du spare på undertøysfavoritter fra kjente nordiske merker

– Det er veldig kjekt å kunne leve opp til tittelen «årets gjestehavn» som Båtmagasinet kåra oss til tidlegare i år. NRK Lokalen og Båtmagasinet har begge vore her på besøk

dei siste vekene. At me kan bidra til at små og store får ein kjekk sommarferie, gjer jobben verdt det.



Stille før ein travel arbeidsdag på Joker og Skartveit gjestehavn. FOTO: ANITA TORP ØRNES



Leon Kindervaag synest at det beste med sommaren på Skartveit er is! Men ein tur på stranda er også gøy.  
FOTO: ANITA TORP ØRNES

**Publisert:** torsdag 24. juli 2025 kl. 05:00